

Olje- og energidepartementet (OED)
Postboks 8148 Dep

0033 Oslo

Vår dato: 11.09.2019
Vår ref: 2019/1260 - 22733/2019 /
Dykkar ref:

Høyringsuttale - NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land

Formannskapet i Stord kommune handsama i møte den 4. september sak PS 30/19 høyringsuttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Formannskapet vedtok å gi følgjande høyringsuttale til saka:

1. *Stord kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Stord kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.*
2. *Stord kommune meiner at «nasjonal ramme for vindkraft» slik den no ser ut må leggjast vekk. Viktige omsyn til urørt natur og friluftsliv er for lite vektlagd målt mot nett-kapasitet og vindressursar. I staden for å virka konfliktdempande slik føresetnaden var, har planen skapt svært stor uro i store delar av dei utpeikte områda for vindkraft.*
3. *Kommunane har i dag ikkje avgjerdsmynd i saker om utbygging av vindparker. Stord kommune meiner at kommunane må ha vetorett i høve utbygging av vindkraft på eige areal.*
4. *Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.*
5. *Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei vidare utbygging av vindkraft på Stord må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.*
6. *Stord kommune bed NVE synleggjere det potensialet som ligg for utbygging av vindressursane til havs. Teknologikutviklinga går raskt, og vi er overtydde om at havvind-prosjekt også i Noreg, vil bli lønsame i løpet av få år dersom vi satsar på utvikling av naudsynt teknologi.*

Vedlagt fylgjer særutskrift av sak PS 30/19 samt notat utarbeidd av administrasjonane i Stord og Fitjar kommune til bakgrunn for saka.

Med helsing

Lovise Vestbøstad
kommunalsjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

- 1 Særutskrift Høyringsuttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land
- 2 Notat til høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft 15.08.19 (003)

Saksnr
30/19

Utval
Formannskapet

Møtedato
04.09.2019

HØYRINGSUTTALE TIL NVE'S FORSLAG TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND

Framlegg til vedtak:

1. Stord kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Stord kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.
2. Stord kommune meiner at "nasjonal ramme for vindkraft" gjev eit god fagleg grunnlag og prioriteringsstøtte for vurdering av vidare utbygging av vindkraft på land i Noreg, men i tråd med FN sin rapport om naturmangfald og arealbruk må urørt natur, og natur som regionalt viktig friluftsområde i tråd med folkehelselova, vektast mykje sterkare i utgreiingane.
3. Kommunane har ikkje avgjerdspekt i saker om utbygging av vindparker. Stord kommune meiner at kommunestyra sine vedtak som høyringsinstans må tilleggast svært stor vekt, og berre der det er konkrete nasjonale interesser som må ivaretakast, bør ein kunne vurdere å fråvike kommunestyrevedtaka.
4. Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.
5. Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei større utbygging i Grønafjellet eller andre stadar på Stordøya må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.
6. Å avvise ei potensiell stor inntektskjelde for vertskommunane på Stordøya, er samstundes ei erkjenning av at det påverkar framtidig handlingsrom for utforming av kommunale tenester dersom ikkje andre, tilsvarande inntektskjelder framstår.
7. Stord kommune bed NVE synleggjere det potensialet som ligg for utbygging av vindressursane til havs. Teknologikutviklinga går raskt, og vi er overtydde om at havvind-prosjekt også i Noreg, vil bli lønsame i løpet av få år dersom vi satsar på utvikling av naudsynt teknologi.

Saksprotokoll i Formannskapet - 04.09.2019

Vedtak

1. Stord kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for

- framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Stord kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.
2. Stord kommune meiner at «nasjonal ramme for vindkraft» slik den no ser ut må leggjast vekk. Viktige omsyn til urørt natur og friluftsliv er for lite vektlagt målt mot nett-kapasitet og vindressursar. I staden for å virka konfliktdempande slik føresetnaden var, har planen skapt svært stor uro i store delar av dei utpeikte områda for vindkraft..
 3. Kommunane har i dag ikkje avgjerdsmynd i saker om utbygging av vindparker. Stord kommune meiner at kommunane må ha vetorett i høve utbygging av vindkraft på eige areal.
 4. Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.
 5. Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei vidare utbygging av vindkraft på Stord må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.
 6. Stord kommune bed NVE synleggjere det potensialet som ligg for utbygging av vindressursane til havs. Teknologikutviklinga går raskt, og vi er overtydde om at havvind-prosjekt også i Noreg, vil bli lønsame i løpet av få år dersom vi satsar på utvikling av naudsynt teknologi.

Handsaming

Vedteke med 8 mot 1 røyst (Frp). Mindretalet røysta for pkt. 3 i rådmannen si innstilling.

* * *

Jakob Bjelland (Sp) kom med framlegg til vedtak slik det ligg føre.

* * *

Rådmannen sitt framlegg som fall:

1. Stord kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Stord kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.
2. Stord kommune meiner at "nasjonal ramme for vindkraft" gjev eit god fagleg grunnlag og prioriteringsstøtte for vurdering av vidare utbygging av vindkraft på land i Noreg, men i tråd med FN sin rapport om naturmangfald og arealbruk må urørt natur, og natur som regionalt viktig friluftsområde i tråd med folkehelselova, vektast mykje sterkare i utgreiingane.
3. Kommunane har ikkje avgjerdsmynd i saker om utbygging av vindparker. Stord kommune meiner at kommunestyra sine vedtak som høyringsinstans må tilleggjast svært stor vekt, og berre der det er konkrete nasjonale interesser som må ivaretakast, bør ein kunne vurdere å fråvike kommunestyrevedtaka.
4. Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.
5. Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei større utbygging i Grønafjellet eller andre stadar på Stordøya må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.
6. Å avvise ei potensiell stor inntektskjelde for vertskommunane på Stordøya, er samstundes ei erkjenning av at det påverkar framtidig handlingsrom for utforming av kommunale tenester dersom ikkje andre, tilsvarande inntektskjelder framstår.

7. Stord kommune bed NVE synleggjere det potensialet som ligg for utbygging av vindressursane til havs. Teknologiutviklinga går raskt, og vi er overtydde om at havvind-prosjekt også i Noreg, vil bli lønsame i løpet av få år dersom vi satsar på utvikling av naudsynt teknologi.

Dokumentliste

S	16.08.2019		Høringsuttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land
I	01.04.2019	Olje- og energidepartement	Høring - NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land
N	12.04.2019	Tove Vikanes Agdestein m.fl.	NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land
I	12.04.2019	Olje- og energidepartementet	Ny høringsfrist

Vedlegg:

Høring - NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land
Notat til høringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft

Innleiing (bakgrunn for saka)

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har på oppdrag frå Olje- og energidepartementet utarbeidd eit forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Forslaget føreligg no i form av ein rapport datert 1. april 2019. Forslaget frå NVE inneheld eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for landbasert vindkraft, og eit kart som synleggjer dei områda NVE meiner er mest eigna for lokalisering av vindkraft. Sunnhordland og Haugalandet er peika ut som eitt av dei 13 områda som er mest eigna for vindkraftutbygging.

Rapporten ligg her: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf

Kartet ligg her: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

Rapporten er sendt på høyring, og fristen for innspel er i brev av 12. april 2019 utvida til 1. oktober 2019.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

Noregs vassdrags- og energidirektorat sendte 08.06.2018 ut ei høyring der dei bad om innspel til viktige regionale interesser for nasjonal ramme for vindkraft på land. Stord kommune gav uttale til denne saka den 17.oktober 2018 (Komité for næring, miljø og kultur, sak PS 32/18) og meldte inn viktig, lokalt kartleggingsarbeid til arbeidet med saka. Det vart også gjeve melding om at kommunen ville gi endeleg uttale til saka når forslag til nasjonal ramme for vindkraft vart sendt på høyring.

Samstundes med at forslag til nasjonal ramme for vindkraft vart sendt på høyring, vart det frå NVE invitert til regionale innspelsmøte. Representantar frå Fitjar kommune deltok på møtet i Bergen den 23. mai.

Olje- og energidepartementet skriv i oppdragsbrevet til NVE at «nasjonal ramme skal definere større områder der det kan ligge til rette for utbygging av vindkraft på land. Områdene skal velges ut med utgangspunkt i vindressurser og eksisterende og planlagt nettkapasitet. Det er et poeng å lokalisere vindkraft slik at det ikke er nødvendig å bygge mye nytt kraftnett. Dette skal så avstemmes mot andre viktige miljø- og samfunnshensyn. Formålet med nasjonal ramme er å bidra til at de beste vindkraftlokalitetene blir valgt når det søkes om konsesjon. Rammen skal ikke være prosjektspesifikk, blant annet fordi de lokale variasjonene i vindressurser og miljøforhold er store. Konsesjonsbehandlingen skal fortsatt være avgjørende for enkeltprosjekter, men det skal i utgangspunktet være vanskeligere å få konsesjon i et område som ikke inngår i nasjonal ramme. Hensikten er å bidra til større forutsigbarhet om hvor vindkraft kan realiseres og til en mer effektiv konsesjonsbehandling.»

NVE har vurdert totalt 43 område i Noreg med tanke på vindkraftutbygging, og har i forslag til nasjonal ramme valt ut dei 13 mest eigna områda. Til grunn for vurderinga ligg eit kunnskapsgrunnlag som består av 21 temarapportar basert på gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringar frå tidlegare konsesjonshandsamingar av vindkraftsaker og frå vindkraftverk i drift. Det har vore eit breitt samarbeid mellom dei ulike nasjonale fagmynda og andre kunnskapsmiljø ved utarbeidinga av temarapportane.

Sunnhordland og Haugalandet er peika ut som eitt av dei mest eigna områda for utbygging av vindkraft. Grunngevinga er fylgjande: «Sunnhordland og Haugalandet har gode produksjonsforhold for vindkraft, og er et av områdene vi har vurdert til å være mest egnet for ny produksjon i et kraftsystemperspektiv. I det utpekte området er det samtidig mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet fugl, friluftsliv og bebyggelse. På tross av disse interessene framstår det utpekte området fra et nasjonalt perspektiv som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging. I denne vurderingen har vi lagt mye vekt på de gode forutsetningene for nettilknytning.»

Fjellområdet på Stordøya er inkludert i areal innanfor dette området som er vist som eigna for vidare vindkraftutbygging.

Det er på Stordøya etablert éin vindkraftpark – Midtfjellet Vindpark AS. Denne ligg i Fitjar kommune, og gjev kommunen 11 millionar kroner i årlege inntekter i eigedomsskatt. Eigedomsskatten er også heimla i eigen avtale som er inngått mellom Midtfjellet Vindpark AS og Fitjar kommune. Midtfjellet vindpark AS har sendt inn melding til NVE med forslag til utgreiingsprogram for utbygging av Grønafjellet vindkraft.

Rådmennene i Fitjar og Stord kommune har samarbeida om å utarbeida uttalen. Det er utarbeidd eit fagnotat som grunnlag for vurdering av saka.

Vurdering

I vedlagde fagnotat er hovudessensen i metode og analyseresultat i NVE sin rapport med forslag til nasjonal ramme for vindkraft, attgjeve. Vidare er dagens vindkraftpark i Fitjar kommune omtala, og det er gjeve ein omtale av innsendt melding for vidare utbygging av vindkraft i Grønafjellet i Fitjar kommune. Vidare vert det gjeve eit bilete av dei klimautfordringane vi står overfor og konsekvensane av dei, det vert gjeve informasjon om lokalt næringsliv si satsing innanfor havvind, verknadene av utbygging av vindkraft på Stordøya vert vurdert med omsyn til biologisk mangfald og friluftsliv/ folkehelse, og dei økonomiske konsekvensane for kommunane vert gjennomgått.

Klimautfordringar

I vedlagt notat er det gitt eit resyme frå anerkjente rapportar om dei klimautfordringane vi står overfor, og kva ratifisert Parisavtale har til konsekvens for reduksjon i utslepp. Ved overgang frå fossil til fornybar energi vert det føresett ei massiv utbygging av både solkraft og vindkraft samt oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg. Når det gjeld vindkraft, vert det for Europa føresett ei årleg utbygging av vindkraft i Europa på 400-500 vindparker av storleik lik Grønafjellet. Det er grunn til å tru at sidan Noreg kanskje har bortimot ein tredjedel av vindressursane i Europa, brukar nest mest straum per innbyggjar i verda, er verdas 10. største produsent av olje og gass, er eit teknologisk og rikt land, truleg bør stå for ein stor del av denne utbygginga.

NVE sin rapport med forslag til nasjonal ramme for vindkraft har ikkje sagt noko om potensiale for utbygging av vindkraft målt i energi. Rapporten er ein rein arealanalyse med føremål å definere kva for område som kan vere eigna for vindkraftutbygging. Det er derfor ikkje råd å vurdere kor mykje av framtidig energibehov som kan dekkast innanfor den føreslåtte nasjonale ramma.

At fjellområdet på Stordøya er peika ut som eit eigna areal for vindkraftutbygging, gjer at vi konkret må ta stilling til om vi meiner våre fjellressursar skal byggjast ut for å bidra til framtidig, fornybar energiproduksjon. Det er allereie utbygd éin vindpark i Fitjarfjellet, og ei eventuell ytterlegare utbygging må vurderast opp mot fleire omsyn.

Næringsliv

Det er venta at den fossilfrie energisektoren direkte vil sysselsette rundt 35 millionar personar i 2050 i verda, som vil meir enn vege opp for tap av arbeidsplassar i fossil energisektor. Midtfjellet vindpark AS har skapt 11 arbeidsplassar i Fitjar kommune. Ei ytterlegare utbygging av vindkraft til fjells, vil auke talet på arbeidsplassar.

Rådmannen meiner det er ein svakheit ved rapporten frå NVE om nasjonal ramme for vindkraft, at denne i praksis ikkje omtalar potensialet for utbygging av vindkraft til havs. Rapporten slår derimot fast at havvind ikkje er eit reelt alternativ for kraftutbygging i Noreg.

I Sunnhordland har vi kanskje eit av verdas beste industrimiljø med tekonologi for utvikling av vindkraft til havs. Rådmannen har hatt dialog med NCE Maritime CleanTech og hatt møte med representant for Norwegian Offshore Wind Cluster (NOWC) Magne Bjelland (Kværner). Verksemdene i Sunnhordland har stor tru på utbygging av havvind, og meiner at Sunnhordland kan bli «hovudstaden» for havvind ved at regionen vår ligg strategisk plassert, vi har næringsliv med rett teknologi og kompetanse, og vi har havnebasseng- og høve for utvikling av naudsynt landareal til næringa dersom det vert lagt til rette for det. NOWC er overtydd om at flytande installasjonar for havvind vil bli lønsame utan støtteordningar i framtida. Ein avgjerande faktor er at det vert frigjort felt for utbygging. Potensialet er at havvind gir høve for å skape ein ny industri tilsvarande den betydninga utvinning av olje og gass har hatt for Noreg.

Rådmennene meiner at vi i Sunnhordland må vurdere om vi ynskjer å byggje ut meir landbasert vindkraft i fjellområda våre, og/eller samstundes satse på havvind-marknaden, som vil krevje landareal til sjø og bruk av havnebassenget.

Folkehelse (inkl. biologisk mangfald, friluftsliv)

Rapporten til NVE syner til positive helsevinstar i form av auka fysisk aktivitet. Helsevinsten ved friluftsliv kjem ikkje berre av fysisk aktivitet. Like viktig er effekten naturen har på den psykiske helsa. Ei omfattande kartlegging i Stord kommune i 2016-17 viser at naturopplevingar i nærmiljøet er den viktigaste faktoren for trivsel og livskvalitet i alle aldersgrupper. Naturen vert nytta til rekreasjon og kvile frå eit elles stressande miljø: «Nature can help people restore their adaptive resources. Escape from physical and social stressors has long been described as an important motive for recreation in natural areas» (Annual review of Public Health, volume 35, 2014, Hartig, pp207-228) Tilgang til urørt natur nær der ein bur er viktig for utjamning av sosiale helseskilnader. Tal låginntektsfamiliar aukar stadig. Låg inntekt gir mindre høve til reise/transport, og kvalitetane i nærmiljøet er difor særleg viktig.

FNs naturpanel har i sin første rapport (mai 2019) uttalt at naturen er i trøbbel grunna tap av naturmangfald. I Noreg er over 2000 artar utrydningstruga, og hovudårsaka er endra arealbruk. Grønafjellet er einaste lokalitet for reinrose på Stordøya, og er ein god indikator for kalkkrevjande fjellvegetasjon. For fugl vert det frå vår lokale ressursperson, Jan Rabben, peika på at ei vidare utbygging i Grønafjellet truleg vil vere verre for fuglen storlom enn kva utbygginga i Midtfjellet var. Kongeørna fekk med utbygginga i Midtfjellet jaktområdet sitt monaleg redusert. I 2018 vart det for første gong på mange tiår ikkje registrert hekking. Det er uråd å slå fast nøyaktig kva som var årsaka. Auka ferdsle kan også spela inn, men det synest klart at ei ytterlegare utbygging av vindkraft vil gjera det endå vanskelegare for kongeørna. Det er dokumentert 5 døde fugl som fylgje av etablert vindpark i Midtfjellet.

Etablering av vindparken i Midtfjellet i Fitjar kommune har gjort dette området meir tilgjengeleg for alle, og opna for nye former for bruk. Fitjar kommune har fått andre tilrettelagte turvegar, noko som gjer vindmølleparken til eit mykje nytta turområde. Vindmølleparken er eigna til å fremje fysisk aktivitet i form av turgåing, jogging og sykling, og som innfallsport til friluftsliv i andre delar av fjellet. Den etablerte parken stettar dette behovet, og ny utbygging vil truleg i liten grad føre til auka fysisk aktivitet. Det er og andre etablerte innfallsportar i begge kommunane som til dømes Heio og Lundsseter i Stord kommune og Vistvik og Dalshaugane i Fitjar kommune. I Stord kommune er det etablert godt turvegnett i t.d. Landåsen, kring Ådlandsvatnet og i Hystadmarkjo. Rådmennene i Stord og Fitjar kommunar er i tvil om at auka vindkraftutbygging på Stordøya vil auke

friluftslivet/ folkehelsa, men ei vidare utbygging kan vere eit reelt trugsmål for det biologiske mangfaldet og føre til tap av urørt natur, noko som har negativ påverknad på folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar

Fitjar kommune har årleg om lag 11 millionar kroner i eigedomsskatt frå utbygginga av vindkraft som er gjennomført i Midtfjellet. Det er førebels estimert frå Midtfjellet Vindkraft AS at deira omsøkte utbygging i Grønafjellet vil tilføre om lag 9-10 mill. kr. i nye inntekter i eigedomsskatt til Fitjar kommune. Dersom det vert aktuelt med vidare utbygging, må det forhandlast fram ein ny utbyggingsavtale med økonomisk kompensasjon til lokalsamfunnet for dette området. Landssammenslutningen for vindkraftkommuner (LNVK) der Fitjar er medlem og per no har styreleiaren, arbeider med skattleggingssystemet nasjonalt for vindkraft. Det vert arbeidd for at skatteregimet på kraftproduksjon må gjerast teknologinøytralt. Skatteregimet for vind- og vasskraftproduksjon må likestillast.

Det er to skatte-/avgiftssystem som er gjeldande for vasskraftproduksjon. Naturressursskatt som har stor verdi som lokal skatt, som viser at naturressursane høyrer til lokalt. Naturressursskatt er ei vridning frå statleg til kommunal beskatning. Grunnrente, som i dag er skatt på den ekstra avkastninga vasskraft gir opphav til, er framtidsretta og i tråd med internasjonalt anerkjente skatteprinsipp. LCOE¹ for vindkraft ligg allereie under fleire kraftprisprognosar. Grunnrenta må fordelast tilbake til vertskommunen gjennom konsesjonsavgift, konsesjonskraft eller andre løysingar. Å innføra dette no vil vera føreseieleg for både utbyggjar og kommunar som skal ta stilling til å gje frå seg område til vindkraftutbygging.

Rådmennene meiner at staten ikkje kan vedta nasjonal ramme for vindkraft utan at naturressursskatt for vindkraft er vedtatt.

Å avvise ei eventuell framtidig utbygging av vindkraft på Stordøya, medfører å avvise ei potensiell framtidig inntektskjelde for vertskommunen.

Konklusjon og tilråding

Rådmennene i Fitjar og Stord meiner at å avstå frå vidare utbygging av vindkraft på Stordøya også betyr at ein gir avkall på framtidige inntekter som vil kunne nyttast til kommunal tenesteyting overfor innbyggjarane i dei respektive kommunane. Rådmennene er i tvil om ei auka utbygging av vindkraft på Stordøya vil ha positiv effekt med tanke på auka friluftsliv. Folkehelseperspektivet i denne saka vert truleg mest påverka negativt av ei vidare utbygging gjennom tap av urørt natur og mogleg redusert biologisk mangfald. Utbygginga av Midtfjellet vindpark var i si tid konfliktfylt, men har tilført Fitjarsamfunnet positive verdiar knytt til auka friluftsliv og aktivitetsområde i fjellet, samt viktige inntekter til kommunen. Rådmennene trur likevel at ei vidare utbygging av vindkraftressursane i fjellet ikkje vil gi same effekt. Folkehelsepotensialet i form av auka friluftsliv er allereie teke ut.

Rådmennene meiner likevel at utarbeidd forslag til nasjonal ramme for vindkraft gir ei god prioriteringsstøtte for framtidig utbygging av vindkraft på land, men den har klare avgrensingar. Det er eit svakt punkt ved rapporten at utvikling av havvind ikkje er inkludert når ein ramme for *vindkraft* vert utarbeidd. Vi er overtydde om at prosjekt på havvind vil bli lønsame i løpet av få år dersom ein set i gang pilotprosjekt som gir næringa vår høve til å drive fram naudsynt teknologi. Enova presenterte då også den 22. august at dei går inn med støtte til utbygging av verdas største flytande havvindpark, Hywind Tampen, i Nordsjøen.

Begge kommunane føreslår ambisiøse klimamål ved rulleringa av samfunnsdelen til kommunane sine kommuneplanar, og FN sine berekraftsmål er førande for utviklinga. «Det

¹ LCOE – Levelised Cost of Energy – vert oppgitt i øre/kWh, og representerer den langsiktige kraftprisen vindkraftverket må ha vor å vera lønsamt ved eit gitt avkastningskrav og gitte drifts- og vedlikehaldskostnader.

grøne skiftet» med overgang frå fossile til fornybare energikjelder hastar å gjennomføre. Rådmennene meiner likevel at rapporten frå NVE ikkje tek nok omsyn til den teknologien som ligg innanfor dagens offshore- og maritime næringar og høve til å nytte denne for utvikling av lønsame havvind-prosjekt. For å kunne redusere omfanget av utbygginga av konfliktfylt areal på land, med dei konsekvensar dette har for urørt natur, biologisk mangfald, m.m., bør Noreg utnytte sitt fortrinn ved å satse på prøveprosjekt med teknologiutvikling for utbygging av lønsame, flytande havvind-installasjonar. Vi erkjenner likevel at overgangen til fornybare energikjelder vil krevje avgjerder som til tider er konfliktfylte.

Før ein går vidare og eventuelt vedtek ein nasjonal ramme for vindkraft, må ein på nasjonalt nivå sikre ei rettvis skattlegging ved utnytting av naturressursar. Skattleggingssystemet må vere teknologinøytralt. Slik systemet er i dag, er kommunane avhengige av å forhandle fram eigne avtalar med eventuelle vindkraftutbyggjarar for at kommunane skal få inntekter av utbygginga som kjem innbyggjarane til gode.

Rådmannen innstiller på fylgjande høyringsuttale til NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft:

1. Stord kommune meiner at dei internasjonale klimautfordringane er så omfattande at Noreg må nytta sine fornybare energifortrinn som hav, vatn og vind, for å klare overgangen til lågutsleppsamfunnet. Overgangen til fornybare energikjelder vil krevja konvensjonelle utbyggingar som kan vere konfliktfylte i høve ulike omsyn. Parallelt med dette må vi byggje ut anlegg for å utvikle ny teknologi for framtidige løysingar, t.d. havvindmøller. Stord kommune vil både som tenesteleverandør og som samfunnsutviklar ta eit klart og konkret framtidsretta klimaansvar.
2. Fitjar og Stord kommune meiner at "nasjonal ramme for vindkraft" gjev eit god fagleg grunnlag og prioriteringsstøtte for vurdering av vidare utbygging av vindkraft på land i Norge, men i tråd med FN sin rapport om naturmangfald og arealbruk må urørt natur, og natur som regionalt viktig friluftsområde i tråd med folkehelselova vektast mykje sterkare i utgreiingane.
3. Kommunane har ikkje avgjerdsrett i saker om utbygging av vindparker. Stord kommune meiner at kommunestyra sine vedtak som høyringsinstans må tilleggjast svært stor vekt, og berre der det er konkrete nasjonale interesser som må ivaretakast, bør kommunestyrevedtaka fråvikast.
4. Lokalsamfunna og vertskommunane som gjev frå seg naturressursar og areal, må sikrast sin del av verdiskapinga av vindkraft, og teknologinøytral skattelegging må innførast straks for etablert og ny utbygging av vindparker.
5. Fitjar, og slik Stordøya, har Hordaland sin einaste vindpark med 55 vindturbinar i Midtfjellet Vindpark. Ei større utbygging i Grønafjellet eller andre stadar på Stordøya må avvisast då resten av fjellet må oppretthaldast som urørt natur - for folkehelse, naturmangfald og attraktivitet.
6. Å avvise ei potensiell stor inntektskjelde for vertskommunane på Stordøya, er samstundes ei erkjenning av at det påverkar framtidig handlingsrom for utforming av kommunale tenester dersom ikkje andre, tilsvarende inntektskjelder framstår.
7. Fitjar og Stord kommunar bed NVE synleggjere det potensialet som ligg for utbygging av vindressursane til havs. Teknologiutviklinga går raskt, og vi er overtydde om at havvind-prosjekt også i Norge, vil bli lønsame i løpet av få år dersom vi satsar på utvikling av naudsynt teknologi.

Alternativ tilråding

Rådmennene i Stord og Fitjar kommunar legg i hovudsak fram likelydande saksframlegg og tilråding i denne saka, men rådmannen i Fitjar kommune tilrår eitt ekstra punkt i høyringsuttalen:

«Fortetting av vindmøller innanfor eksisterande reguleringsplan for Midtfjellet Vindpark kan vurderast».

Rådmannen har lagt til grunn at spørsmålet om fortetting innanfor eksisterande vindpark er eit konkret spørsmål med detaljerte konsekvensar som vi ikkje veit omfanget av. Det er heller ikkje naudsynt å ta stilling til dette spørsmålet innanfor ramma av saka som gjeld nasjonal ramme for vindkraftutbygging på overordna nivå.



Notat til høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft

Innhald

Notat til høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft.....	1
Føremål med notatet.....	1
Kort omtale av NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft	2
Erfaringar frå utbygging av Midtfjellet Vindpark	4
Søknad frå Midtfjellet Vindpark om utbygging av Grønafjellet, Fitjar kommune	5
Internasjonale og nasjonale klimakrav	6
Energibruk. Omstilling frå fossil til fornybar energibruk	7
Havvind	10
Fitjar kommune si klimasatsing og omstilling til fornybar energi.....	11
Klima og miljøarbeid i Stord kommune	13
Biologisk mangfald.....	14
Friluftsliv	15
Landbruk.....	16
Omdøme og attraktivitet.....	17
Inntekter til kommunane frå utbygging av vindkraft.....	18


Føremål med notatet

Rådmennene i Fitjar og Stord kommune har utarbeidd eit felles notat i samband med høyring av NVEs forslag til nasjonale ramme for vindkraft. Arbeidet byggjer på ei erkjenning av at fjellet på Stordøya representerer felles ressursar for dei to kommunane, og at kunnskapsgrunnlaget for fjellområdet vårt er felles.

Våre fagressursar har gått gjennom lokalt kunnskapsgrunnlag og supplert med ny kunnskap der vi meiner grunnlaget til NVE er for svakt. Ein har samstundes nytta notatet til å skrive meir utfyllande om kva for omsyn rådmennene meiner at saka må vurderast ut frå.

Kort omtale av NVEs forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Fjellområdet på Stordøya er inkludert i området «Sunnhordland og Haugalandet» som er utpeika som eitt av dei 13 områda i Norge som er mest eigna for utbygging av vindkraft. Totalt 43 område er vurderte.



Figur 82: Kart med ekskluderte arealer. Bakgrunnskart: ©Kartverket.

Også innafor dei utpeika områda vil det vere område som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følge av mindre gode vindressursar. NVE har lagt vekt på unngå konfliktar med viktige naturområde, og det er teke omsyn til aktuelle tema som friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminne og reindrift. Nettkapasitet i området er også vurdert.

NVE er tydelege på at rapporten ikkje er ein utbyggingsplan. Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing av lokalitetane før konkrete vindkraftprosjekt kan setjast i gang. Alle prosjekt skal framleis konsesjonshandsamast etter lovfesta reglar.

NVE har etablert eit kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft. Det er publisert 21 temarapportar basert på ein gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringar frå konsesjonshandsaming av vindkraftsaker og frå vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmynde og andre kunnskapsmiljø innanfor de ulike tema har delteke i utarbeidinga av rapportane. Dette er den mest omfattande kunnskapsgjennomgangen som har vorte utført av miljø- og samfunnsverknader av vindkraftverk i Norge.


MILJØDIREKTORATET	RIKSANTIKVAREN	NVE
Fugl Flaggermus Villrein Annet dyreliv Naturtyper Landskap (sammen med Riksantikvaren) Friluftsliv Sammenhengende naturområder	Landskap (sammen med Miljødirektoratet) Kulturminner og –miljøer	Reindrift Reiseliv Iskast Nabovirkninger Drikkevann Næringsutvikling Forsvaret Værradarer Sivil luftfart Elektronisk kommunikasjon Andre tema Klimaavtrykk og livssyklusanalyser

Tabell 1: Oversikt over temarapportene og kven som har vore ansvarleg for utarbeidinga.

Figuren under viser hovudtrekka i metoden som er nytta for å peike ut område. Svært forenkla så har ein først fjerna areal som ein enkelt kan sjå ikkje er av dei mest eigna (trinn 1), før ein har analysert dei resterande areala (trinn 2) og deretter peika ut dei mest eigna (trinn 3).



Eksklusjonsrunden i trinn 1 har vore delt opp i to steg: harde og mjuke eksklusjonar. NVE definerer «harde eksklusjonar» som «eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk-økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende». Ein viktig premis for valet av harde eksklusjonskriterium var at dei skulle vere udiskutable. «mjuke eksklusjonar» er definert som «eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk».



Grunngjevinga for at Sunnhordland og Haugalandet er peika ut som eitt av dei mest eigna områda i Norge for vindkraftproduksjon er fylgjande: «Sunnhordland og Haugalandet har gode produksjonsforhold for vindkraft, og er et av områdene vi har vurdert til å være mest egnet for ny produksjon i et kraftsystemperspektiv. I det utpekte området er det samtidig mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet fugl, friluftsliv og bebyggelse. På tross av disse interessene framstår det utpekte området fra et nasjonalt perspektiv som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging. I denne vurderingen har vi lagt mye vekt på de gode forutsetningene for nettilknytning.»

NVE skriv vidare at området er mest eigna for små- eller mellomstore vindkraftverk.

Erfaringar frå utbygging av Midtfjellet Vindpark

Nokre fakta om kommunane på Stordøya:

- Fitjar kommune: 142 km²
- Innbyggjartal : 3201 (2019)
- Stord kommune 143,7 km²
- Innbyggjartal: 18 710 (2019)

Nokre fakta om Midtfjellet Vindpark AS – teknisk spesifikasjon

- Areal ca 10 km² og totalt 55 vindmøller.
- Årleg produksjon 433,7 Gwh
- 34 vindturbiner av typen N90, 2500kW
- 10 vindturbiner av typen N100, 2500kW
- 11 vindturbinar av typen N117, 3600kW
- 150 km høyspenningskablar

- 34 kV koblingsanlegg
- Hovudtransformator (Fase I & II) 300/34kV, 130 MW
- Hovudtransformator (Fase III) 300/66/34 kV, 100MW
- 300kV koblingsanlegg
- 10 km 300 kV høyspenningslinje til Børtveit, 800 MVA
- Ca. 30 km vei med god terrengtilpassing
- Fundament 107 m³ betong (eller 18 betongbilar), 18 tonn armering per turbin

Utfordringane var størst i planleggings- og utbyggingsfasen:

- Delte meiningar om prosjektet i folket
- Sikra at kommunen fekk noko att for å bandleggja urørt natur
- Utbyggingsavtale: mange møter, sonderingar, advokat, krav. Viktig med bistand frå fagfolk !
- Store utfordringar for teknisk sektor og plan- og byggesak i høve arbeidsmengde
- Sterk aksjonsgruppe mot utbygging med store krav til kommunen
- Krevjande utbyggjar i forhold til framdrift
- Nær busetnad – nokon opplever støy frå møllene
- Berørt dyreliv: rapport frå Midtfjellet vindpark viser 5 døde fugl etter at vindparken blei etablert og til dags dato

Verdiskaping:

- 11 lokalt tilsette i vindparken
- 11 millionar kroner årleg i eigedomsskatt til Fitjar kommune, heimla i eigen avtale mellom Midtfjellet Vindpark AS og Fitjar kommune
- 1,9 millionar kroner årleg i grunneigarerstatning

Utbygging av Midtfjellet vindpark har opna fjellet for ny aktivitet, og det er utarbeidd ein tiltaksplan mellom Fitjar fjellsameige og Fitjar kommune som m.a. inneheld fylgjande:

- Parkeringsplass og inngang til turløyper både i vindparken og i uberørt natur.
- Lysløype, gapahuk, grillplasser
- Utsiktspunkt og visningsmølle
- Feltskyting og sykkelløype
- Framtidige planar: Vinteraktiviteter med skeisebane, alpin- og akebakker.

Midtfjellet Vindpark AS arrangerer sjølv aktivitetar i vindparkområdet:

- vegane i vindparken er tilgjengelege
- Tek imot besøkjande; ca 3000 årleg
- Midtfjelletdagen – aktivitetsdag for store og små i samarbeid med Fitjar idrettslag
- Midtfjellet halvmaraton
- Samarbeidspartnar for tiltaksplan for Midtfjellet

[Søknad frå Midtfjellet Vindpark om utbygging av Grønafjellet, Fitjar kommune](#)

Torsdag 13.mars 2019 leverte Midtfjellet Vindkraft AS melding og forslag til utgreiingsprogram for Grønafjellet vindkraft i Fitjar kommune. Vindparken har eit teknisk potensiale på 200 MW og har eit planområde på 18 km². Denne produksjonen vil dekke årsforbruket til 35.000 einebustader. Talet på vindturbinar vil ligge på ca 25-40 avhengig av turbintype.



Ei utbygging av Grønafjellet vil nytte dagens tilkomstveg til Midtfjellet vindpark. Eksisterande fasilitetar som servicebygg på transformatorstasjon, garasje, lager, garderobar, opphaldsrom og kontor vil bli nytta for Grønafjellet vindpark så langt kapasiteten rekk. Det vert føresett at det ikkje er naudsynt å opprette tilsvarande fasilitetar i Grønafjellet.

NVE vil ikkje starte handsaminga av meldinga før nasjonal ramme for vindkraft er vedteken. Ei sakshandsamding av vidare vindkraftutbygging i Grønafjellet, ser omlag slik ut:

Trinn 1 – Midtfjellet Vindkraft AS, MVAS har sendt NVE melding om utbygging av vindmøller på Grønafjellet

Trinn 2 – Konsekvensutgreiing. Etter at meldinga har vore på høyring, fastset NVE

eit konsekvensutgreiingsprogram (KU-program).

Trinn 3 – Søknad

Trinn 4 – Vedtak

Trinn 5 – Klagehandsaming

Trinn 6 – Oppfølging av konsesjon

NVE vil hente inn høyringsuttalar og halde folkemøte for å kome fram til konsekvensutgreiingsprogram. Midtfjellet Vindpark AS må utarbeide konsekvensutgreiinga i samsvar med programmet før dei kan søkje konsesjon. Parallelt med dette arbeider Midtfjellet Vindpark AS med forslag til avtale mellom MVAS og Fitjar Kommune.

Internasjonale og nasjonale klimakrav

EU har under Parisavtalen vedteken i 2015 forplikta seg til at utsleppa av klimagassar skal vera minst 40 % lågare i 2030 enn dei var i 1990. Gjennom den nye klimapolitikken til EU får no kvart enkelt av dei 28 medlemslanda forpliktande krav til reduserte utslepp. Målet fram mot 2030 er å redusera utsleppa i kvotepliktig sektor med 43 % samanlikna med 2005, og med 30 % i ikkje-kvotepliktig sektor. Alle land må auka ambisjonane for at ein skal nå måla i Parisavtalen. Noreg seier i Granavolden-plattformen at ein vil kutta 45 %.

Noreg og EU deler dei same måla i klimapolitikken. Både EU og Noreg har som mål å bli lågutsleppssamfunn innan 2050, og begge har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med minst 40 prosent innan 2030.

Noreg har ein intensjon om felles gjennomføring av denne klimaforpliktinga med EU. Dette er også

bekrefta på nytt i den nye regjeringsplattforma. EU er positiv til ei felles gjennomføring, og det er venta at me vil ha dei same rammevilkåra som EU-landa. Noreg vil fortsetja dialogen med EU om korleis deira nye regelverk eventuelt skal gjerast gjeldande i Noreg.

Parisavtalen er den fyrste rettsleg bindande klimaavtalen med reell global deltaking. Alle land har plikter og rettar i den nye avtalen. Alle land skal ha utsleppsmål og rapportera på dei. Avtalen vil bidra til auka innsats for utsleppsreduksjonar, og forsterka arbeidet med klimatilpassing. Den vil gje ein klar retning for framtidig klimaarbeide og inneheld fastsetjing som gjer at innsatsen vil styrkast over tid.

Avtalen har eit mål om at dei globale utsleppa skal nå sin topp så raskt som mogleg. Det overordna målet er å avgrensa den globale oppvarminga til «godt under 2 grader». I tillegg skal landa arbeide for å avgrensa temperaturstigninga til 1,5 grader samanlikna med førindustriell tid. Avtalen har også eit mål om netto-null utslepp (dvs. balanse mellom menneskeskapte utslepp og opptak av klimagassar) i andre halvdel av hundreåret.

Avtalen opnar for felles gjennomføring av klimamål i EU og mellom EU og utanforståande land, som Noreg og Island.

Klimaregelverka skal gjelda for EU frå og med 1. januar 2021.

For å nå målet om å avgrense den globale oppvarminga til godt under 2 grader og å avgrense temperaturstigninga til 1,5 grader samanlikna med førindustriell tid, er det føresett at utsleppa av klimagassar er redusert med 40 % innan 2030 i høve 1990, og med 60-80 % innan 2050.

Kjelder: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/klimasamarbeid-med-eu/id2632883/>
<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Vedtak/Vedtak/Sak/?p=75801>
<https://www.venstre.no/artikkel/2019/01/17/ny-regjeringsplattform-med-venstre-hoyre-frp-og-krf/>



Energibruk. Omstilling frå fossil til fornybar energibruk

Verda er framleis sterkt avhengig av fossil energi. Kol og olje er dei dominerande energikjeldene, med gass på tredje plass. Målt i prosent utgjer energiforbruken høvesvis 32 % olje, 28 % kol, 22% gass, 10% bioenergi, 5% kjernekraft, 2% vasskraft, og 1% andre fornybar kjelder – sol og vind.

I kraftsektoren utgjer kolet den største delen, følgt av gass, vasskraft og kjernekraft. Ny fornybar energi – vind og sol – utgjer 3 %, i likskap med bioenergi.

I transportsektoren er olje totalt dominerande; olje dekker 92 % av energibehovet her.

I ei verd som rører seg i tråd med målet om å halda global oppvarming under 2 grader (togradersmålet), vil energimiksen gradvis endrast i dei kommande tiåra. Bruken av kol vil måtte

falla drastisk og oljeforbruket vil òg måtte gå ned. Endringane vil skje både gjennom effektivisering og ved overgang til fornybare energikjelder.

I 2040 vil kolets del – i eit IEA-scenario (IEA = det internasjonale energi byrået) i tråd med 2-gradersmålet – måtta vera falt frå nemnde 28% til 13 %. I transportsektoren vil elektrisitet og biodrivstoff ta betydelege delar, men oljas del vil måtte bli redusert frå 92 % i dag til 62 % i 2040.

Dersom verda skal nå togradersmålet, må vi innan 2050 redusera klimagassutsleppa våre med 60-80 % i forhold til kva utsleppa var i 1990. Utsleppa må reduserast betydeleg meir mot slutten av hundreåret. Dette skriv FNs klimapanel i den femte hovudrapporten sin.

Dersom Noreg reduserer utsleppa tilsvarande verdsgjennomsnittet, kan vi sleppa ut mellom 10-20 millionar tonn CO₂-ekvivalenter totalt i 2050. I 2016 var utsleppa i Noreg til samanlikning 53,3 millionar tonn CO₂-ekvivalenter, ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB).

Om ein legg til grunn at vi blir 6,6 millionar nordmenn i 2050, kan kvar person sleppa ut mellom 1,5-3,1 tonn CO₂-ekvivalenter per år. I dag slepp ein gjennomsnittleg nordmann ut 10 tonn CO₂-ekvivalenter per innbyggjar, medan gjennomsnittet for verda er 7 tonn CO₂-ekvivalenter per år.

Produksjon av elektrisitet utgjer omlag 32% av dei samla globale klimagassutsleppa (i 2018), og er den sektoren med størst utslepp.

Skal EU/Europa nå målet om 40% reduksjon innan 2030, må store deler av produksjon av elektrisitet over i fornybare kjelder. Det betyr vasskraft, vindkraft, solkraft og atomkraft. Atomkraft er ikkje fornybar, men er utsleppsfri. Atomkraft har eit stort uløyst avfallsproblem, og produksjonen er forbunden med ein viss risiko med stor konsekvens. I dei fleste land er det derfor planar om reduksjon og avskaffing av produksjon av atomenergi.

Ein står då i hovudsak igjen med vasskraft, vindkraft og solkraft. Det er naturleg at fornybar kraft vert produsert der denne er mest lønsam og mest tilgjengeleg. Vasskraft i land og område med mykje nedbør og fjell, som Noreg, Sverige, Alpene og andre fjellområde. Solkraft i område med mest sol som i Sør-Europa. Og vindkraft i land og område med mest vind som vestlige deler av Spania, Portugal, Irland, Storbritannia, Nederland, Danmark, Sverige og Noreg.

Ein stor del av tilgjengelege vasskraftressursar i Europa er allereie utbygde, men det vil framleis vera mogleg å byggja ut meir, og det vil også vera mogleg å oppgradere eksisterande anlegg. Vasskraft er rekna for å vera relativt rimeleg energi.

Solenergi er relativt lite utbygt i Europa. Også her er potensialet stort. Solenergi er førebels relativt kostbart, men prisen går raskt nedover, og er halvert dei siste 3 åra.



CO₂-nøytralt bustadområde i Freiburg, Tyskland; Rolf Disch SolarArchitektur.

«Global Energy System based on 100% renewable Energy» (Energy Watch Group & LUT University, 2019), er den første, og til nå eneste, klima-rapporten som skisserer korleis det vil vera mogleg å få verda til å bli utslippefri i 2050, og reelt klara 1,5-graders målet. Rapporten slår fast at elektrifisering og solkraft er nøkkelen. Verda må produsera 4-5 gonger så mykje elektrisk energi som i referanseåret 2015, samstundes som alle fossile energikjelder må fasast heilt ut. Rapporten føreset vidare at befolkninga på jorda har auka frå 7,2 til 9,7 milliardar i 2050.

Solenergi blir den viktigaste drivaren i det nye energisystemet. Rapporten legg opp til at 69 % av energien i verda vil komma frå solenergi 18 % frå vindkraft, 6% frå bioenergi og 3% frå vasskraft.

Den delen energi som stammar frå fossilt brennstoff må i same periode falla frå 84 prosent av totalforbruket i verda, til nesten null. Rapporten anslår det totale investeringsbehovet fram til 2050 å vera 67.200 milliardar euro. Det norske oljefondet er til samanlikning på 950 milliardar euro (august 2019).


Solkraft vil vera dominerande i USA, Sør-Europa, Afrika, Australia, Nordre del av Sør-Amerika og søndre deler av Asia. Vindkraft vil vera dominerande i Canada, Nord-Europa, Nord-Russland, og søndre del av Sør-Amerika.

Oppvarming vil skje med varmepumper, elektrisk oppvarming, jordvarme, biobrensel, sol-varme og syntetisk produsert gass.

Transport vil føregå med elektrifisert jernbane og oppladbare bilar, bussar og skip. Flytransport og langdistanse skipstrafikk vil gå på fornybar syntetisk produsert drivstoff produsert ved hjelp av elektrisk kraft.

Rapporten føreset vidare ei ganske massiv utbygging av vindkraft dei første 10-15 åra med ei nedtrapping mot 2050. Solkraftutbygginga får ei jamn og stor auke i heile perioden fram mot 2050.

I Europa bur 9% av verdas befolkning i 2015, som er venta å bli redusert til 7% i 2050 sjølv om folketalet vil auka frå ca. 664 millionar til ca. 675 millionar i same periode. Energiforbruket i Europa var på 4000 TWh i 2015 som er venta å auke til 5400 TWh i 2050. Installert fornybar energiproduksjon i Europa i 2015 var ca. 1150 GW. Dette vil auke til ca. 11400 GW i 2050. Av dette vil vindkraft auke frå ca 100 GW i 2015 til ca. 1750 GW i 2050. I 2018 vart det installert ca. 11 GW vindkraft i Europa. Det er altså føresett ei stor auke i vindkraftutbygging i Europa fram mot 2030 og så ei nedtrapping av vindkraftutbygging mot 2050. På det meste rundt 2030 vil det årleg bli installert 80-100 GW vindkraft i Europa. Til samanlikning har Midtjøllet installert 0,15 GW, og Grønafjellet om det blir bygt ut 0,2 GW. Det betyr ei årleg utbygging av vindkraft i Europa på 4-500 vindparker av Grønafjellet-storleik.



Forutsett installert kapasitet for produksjon av elektrisk kraft 2015-2050 i Europa (PV=Photovoltaic solar panels); LUT University/Energy Watch group.

Det er grunn til å tru at sidan Noreg kanskje har bortimot ein tredjedel av vindressursane i Europa, brukar nest mest straum per innbyggjar i verda, er verdas 10. største produsent av olje og gass, er eit teknologisk og rikt land, truleg bør stå for ein stor del av denne utbygginga.

Det er venta at den fossilfrie energisektoren direkte vil sysselsette rundt 35 millionar personar i 2050 i verda, som vil meir enn vege opp for tap av arbeidsplassar i fossil energisektor.

Kjelder:

<https://forskning.no/miljopolitikk-naturvern-klima/fns-klimarapport-om-15-gradersmalet--det-er-viktig-a-ha-et-mal-selv-om-svaert-fa-tror-at-det-er-mulig-a-na-det/1247278>

http://energywatchgroup.org/wp-content/uploads/EWG_LUT_100RE_All_Sectors_Global_Report_2019.pdf

<https://www.hegnar.no/Nyheter/Boers-finans/2017/11/Dette-er-verdens-10-stoerste-oljeprodusenter>

Havvind

Utbygging av havvind vert ikkje sett på som eit reelt alternativ for kraftutbygging i rapporten frå NVE. NVE skriv fylgjande:

«Historisk har utbyggingskostnadene for bunnfast havvind ligget opp til tre ganger høgere enn landbasert vindkraft. Kostnadene for havvind med bunnfast teknologi har imidlertid sunket mye de siste årene. For enkelte havvindprosjekter i Europa forventes det nå lønnsomhet dersom nett- og utredningskostnader dekkes av myndighetene. Dette kostnadsnivået er, av flere grunner, ikke overførbart til Norge. I Europa er det for eksempel grunnere farvann, enklere topografiske bunnforhold og kortere avstand fra aktuell utbyggingsområde til land.

Når det gjelder flytende havvind, er dette fremdeles en umoden teknologi der kostnadene ligger på et betydelig høgere nivå enn for bunnfast teknologi. Vi mener likevel det er grunn til å forvente at teknologiutvikling i et mer langsiktig perspektiv vil drive kostandene nedover for flytende havvind.»

Frå Paul Helland, i NCE Maritime CleanTech har Stord kommune fått fylgjande uttale:

«Uansett mener NCE Maritime CleanTech (MCT) at offshore vindkraft ikke må undervurderes som et reelt alternativt i kraftmarked. Et norsk initiativ innen denne næringen nå mener vi er avgjørende både med tanke på leveranse til kraftmarkedet, og på utvikling av norsk teknologi og kompetanse som salgsvare internasjonalt. Vi har mange miljøer som kan bidra med denne kompetanse her i regionen, og vi mener det er viktig at det settes i gang politisk styrte initiativer slik at utviklingen av bærekraftig offshore vindkraft blir en næring Norge blir verdensledende innen. Mye av denne teknologien kan sannsynligvis overføres fra den kompetansen Norge har når det kommer til offshoreinstallasjoner. Dette bør vi utnytte nå når vi har muligheten.»

I samband med utarbeiding av høringsuttale til forslag til nasjonal ramme for vindkraft, har Stord kommune v/ kommunalsjef Lovise Vestbøstad hatt møte med representant for Norwegian Offshore Wind Cluster (NOWC) Magne Bjelland (Kværner). Av lokale verksemdar er både Leirvik AS, Unitech, Wärtsila og Kværner tilknytt NOWC.


Verksemdene i Sunnhordland har stor tru på utbygging av havvind. Næringa vår har teknologien som skal til, og Bjelland er tydeleg på at dei både ynskjer, og meiner det er mogleg, at Sunnhordland kan bli «hovudstaden» for havvind ved at regionen ligg strategisk plassert, vi har næringsliv med rett

teknologi og kompetanse, og vi har havnebasseng- og høve for utvikling av naudsynt landareal til næringa dersom det vert lagt til rette for det.

Bjelland stadfester at kostnadsnivået for utbygging av havvind er på veg nedover. Botnfaste installasjonar vert no lønsame utan statlege støtteordningar globalt. NOWC er overtydd om at også flytande installasjonar vil bli lønsame utan støtteordningar i framtida. Ein avgjerande faktor er at det vert frigjort felt for utbygging. Kværner Stord konsentrerer seg om marknaden for fundamenta og for konverteringsplattformene.

Kværner og NOWC meiner at havvind gir høve for å skape ein ny industri tilsvarande olje og gass. Noreg har eit unikt høve til å vere med å bidra til det grønne skiftet ved å vere ein leverandør til ei næring som produserer rein og fornybar kraft til både norske kundar og til eksportmarknaden.

Kværner har synleggjort kor stort areal i sjø som må nyttast for å dekke opp alle eksisterande og godkjende vindparkar på land i Noreg (area I), og kor stort areal i sjø (area II) som må nyttast for havvind for å tilsvare all vasskraftproduksjon i Noreg.



Det lyt vurderast om vi Sunnhordland ynskjer å byggje ut både landbasert vindkraft i fjellområda våre og samstundes satse på havvind-marknaden, som vil krevje landareal til sjø og bruk av havnebassenget.

Fitjar kommune si klimasatsing og omstilling til fornybar energi

For Fitjar kommune er det viktig å bli ein føregangskommune når kommunen satsar på fornybar energi i form av vindkraft. Det er eit ønske at andre kommunar skal koma til Fitjar for å sjå satsingsområde for fornybar energi.

I budsjettframlegget for 2019 vart det skrive fylgjande i saksframlegget (Kommunestyre sak PS 67/18):

«FITJAR – DEN GRØNE KOMMUNEN Fitjar har i dag vindkraftverk som produserer nær ½ terrawatt eller nok straum til alle husstandane i Sunnhordland. Fitjar kommune har båndlagt areal for å

produsere grøn energi. Fitjar kommune er positiv til oppstart av arbeidet med at Sunnhordland får status som Berekraftig reisemål. Det er i formannskapet vedtatt at kommunen skal vera ein aktiv bidragsytar der miljøsertifisering av sentraladministrasjonen skal skje innan 2020. Når det gjeld innkjøp så må miljøprofilen gjera seg gjeldande. Ved innkjøp av nye kjøretøy bør elbilar vurderast. Med tanke på både å gjera sentrum attraktivt og i høve klimatiltak ynskjer ein å etablera ein hurtigladestasjon i sentrum. Fitjar kommune har fått tilsagn frå Fylkeskommunen på kr. 200.000,-. Ein ser at ein treng eit anleggsbidrag i tillegg på om lag 250.000,- for å få dette realisert, dette er lagt inn i investeringsbudsjettet.»

Fitjar kommune skal ha ein grøn profil. Fitjar kommune satsar på fornybar energi då dei har sett av areal til 55 vindmøller i Midtfjellet Vindpark. .

Formannskapet har vedtatt at sentraladministrasjonen skal bli miljøsertifisert innan 2020,. Det bør vera ein intensjon å miljøsertifisere fleire kommunale bygg og oppfordre næringsliv til det same.

Kommunen skal ha miljøprofil på sine innkjøp. Dersom innkjøpa medfører ein vesentleg miljøbelastning, bør kommunen vektlegge å minimere miljøbelastninga og fremme klimavennlege løysingar, jf lov om offentlege anskaffelser § 5.

Elbilar skal vurderast ved innkjøp av nye kjøretøy. Ein tek sikte på å søke Miljødirektoratet om klimasatsmidlar for 2020 til ladestasjonar for kommunale tenestebilar. Kriteria til no har vore at alle søkarar får støtte til dette. Den kommunale bilparken må over år fasast over på elektrisk framdrift.

Prosjekt hurtigladestasjon i sentrum er starta, og her er god framdrift. Kommunen har fått tilsegn frå fylkeskommunen, og det er søkt om Enova-midlar. Dette kan bli ei attraktiv teneste og kan føre til meir aktivitet i sentrum og auka omsetnad for butikkar.

Det er meir potensial for å få kommunen og innbyggjarar til å bli meir miljømedvitne.

Sentrumsplanen med mobilitetsanalyse er eit viktig arbeid. Det er viktig å leggja til rette for at mjuke trafikantar skal få gode vilkår, slik at innbyggjarar kan velje å parkere bilen og ta beina fatt, samtidig som foreldra vurderer at det er trygt nok for at barna kan å gå og sykle. Folk som blir meir aktive i kvardagen, vil skape god folkehelse. Arealpolitikken til kommunen legg bindande føringar for kutt i utslepp og reduksjon av lokal ureining.

Fitjar kommune har meldt seg på «Sykle til jobben»-aksjon, og dermed kan tilsette og politikarar i kommunen bli med på kampanjen. Det kan vera ein intensjon om å utvide sykle jobben aksjonen til å gjelde alle innbyggjarar. Dei som vil, kan melde seg på gratis. Det er fleire kommunar som har denne ordninga og dei merker betring i folkehelsa og lågare sjukefråvere. Det kan på sikt bli trong for færre sjukeheimsplassar.

Miljøgata i Fitjar sentrum vil bli ferdig i haust. Her er dei mjuke trafikantane ivaretatt på ein god måte. Det vil også bli fleire sykkelparkeringar i sentrum og lading for el-syklar. Kommunen har ein intensjon om auka sykkelsatsing. Dette kan føre til god folkehelse og at folk vel å parkere bilen og heller nytte gange eller sykkel.

Det er viktig at kommunen har stor satsing på å bli ein grøn kommune. Det gjeld både investering og drift, men også handlingsskapande arbeid.

Klima og miljøarbeid i Stord kommune

Stord kommune er medviten sitt samfunnsansvar og ønskjer bidra til at samfunnet går i ei miljøvenleg retning som inneber ei vesentleg reduksjon av klimagassutslepp frå kommune, næringsliv og innbyggjarar. Dette inneber at me utviklar miljøvenlege og funksjonelle lokalsamfunn ved å samarbeide godt og utnytte kompetanse på kryss og tvers. Stord kommune er tatt opp i KS-nettverket «Kortreist kvalitet» og har søkt miljøverndepartementet om klimasats-midlar til eit fleirårig prosjekt som går ut på å arbeide med klimaleiing i lokalsamfunnet.

Døme på pågåande arbeid i kommunen innan klima:

1. Stord kommune er i gong med å miljøsertifisere heile organisasjonen etter Miljøfyrtårn sin hovudkontormodell.
2. Stord kommune har gjeve signal om ei sterk miljøsatsing i samband med rullering av kommuneplanen. Vedteke planprogram seier mellom anna fylgjande: «Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel skal Stord kommune setja lokale mål for reduksjon i direkte og indirekte klimagassutslepp,, og strategiar for å nå desse måla. Tiltak må setjast i verk i kommunen sin organisasjon, drift og innkjøp, i arealplanlegginga og i samfunnet som heilskap.»
3. Sykkelbyen Stord er ein avtale mellom Stord kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Prosjektet sitt hovudmål er å auke sykkelbruken og medverka til at tryggleiken for syklistar vert betre. Meir info på <https://sykkelbyenstord.no>
4. Stord kommune har vedteke reguleringsplan for hovudsykkelveg mellom handelsområdet Heiane og regionsenteret Leirvik. Prosjektet ligg inne i nasjonal transportplan med midlar i 2023, og vil gjere det lettare for innbyggjarane å velje miljøvenleg transport i kommunen.
5. Det skal byggjast biogassanlegg i kommunen.

Næringslivet i Stord viser at dei kan og vil tenkje nytt og skape nye grønne arbeidsplassar.

Døme på miljøsatsing frå lokalt næringsliv:

- 1) I Stord kommune ligg hovudsetet til næringsklynga NCE Maritime CleanTech som samlar over 100 ulike verksemder frå den maritime verdikjeda i tillegg til forskings- og utviklingsmiljø, samt offentlege utviklingsaktørar (mellom anna Stord kommune). Hovudtyngda av deltakarbedriftene held til i regionen vår, og bedriftene arbeider med utvikling av energieffektive, låg- og nullutsleppsløysingar til havnæringane. Utvikling av nye energisystem der ein tek i bruk nye energibærarar som naturgass, batteri og hydrogen gir store utsleppsreduksjonar i skipsfarten. Tilsvarande vil bruk av landstraum til ulike typar fartøy som ligg i hamn, fjerna skadelege utslepp og gi reinare luftkvalitet. Desse løysingane vert utvikla av vårt lokale og regionale næringsliv.
- 2) Kværner (Stord) har ein ambisjon om å vera ein del av klimaløysinga, og har saman med resten av olje- og gassindustrien bygd opp ein unik kompetanse som me trur vil spela ei nøkkelrolle i det grønne skiftet. Ein har tru på at det kan vera forretningsmoglegheiter innan fornybar energi, til dømes innan offshore vind. Kværner bidreg til oppryddinga i Nordsjøen og har etablert landets beste kompetansemiljø og topp moderne anlegg for å ta imot og resirkulere utrangerte olje- og gassinstallasjonar. Dei siste åra har selskapet jobba målretta med å bli eit grønt verft. Det er mellom anna investert (i lag med ENOVA) fleire millionar kroner i eit landstraumanlegg som reduserer CO₂-utsleppa med ca 1,5 millionar kilo per prosjekt.

Biologisk mangfald

FNs naturpanel

Deira første rapport, som vart publisert i mai 2019, kjem med eit tydeleg budskap: naturen er i trøbbel. Over 2000 arter er utrydningstrua i Noreg og hovudgrunnen er endra arealbruk. Artsmangfald er vårt livsgrunnlag, og rapporten hevdar at iveren etter å redde klimaet ofte har gløymd å ta omsyn til naturmangfaldet. Det er viktig, men særskilt krevjande å få ei god nok vurdering av konsekvensar for naturmangfaldet med tanke på utbygging av vindmøller i naturen.

Vegetasjon

I rapporten «Kartlegging og verdisetting av Naturtypar i Fitjar og Stord» (MVA-rapport 2/2008) er Stordfjellet omtalt på s. 18:

Den einaste lokaliteten for reinrose på Stordøya er på gabbroen på Grønafjellet i Fitjar. Reinrose er ein god indikator for kalkkrevjande fjellvegetasjon, og på Grønafjellet veks den saman med m.a. dvergbjørk, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel og svarttopp. Dette er vanlege fjellplanter i fjella lenger aust i fylket, men her på kystfjella er slik vegetasjon sjeldan. Grønafjellet er den vestlegaste lokaliteten for reinrose i Hordaland. Vegetasjonen i Stordafjellet er elles dominert av oseanisk heivegetasjon med mange kystplanter, til dømes Storbjørnnskjegg.

Fugl

For å auke kunnskapen om fugl i Stordfjellet har kommunen støtta seg til lokal ressursperson Jan Rabben*:

Heiloen har ein solid bestand i planområdet.

Storlomen hekkar også i området, oftast i Mosavatnet. Paret er i tillegg observert i Krokavatnet og Inste Sørivatnet. Ei eventuell utbygging av vindkraft vil i følgje Rabben vere mykje verre for storlomen enn utbygginga i Midtfjellet.

Jordugle vart observert i mai 2008. Arten hekkar berre i smånagarår og er eit godt døme på artar som sjeldan vert fanga opp ved feltarbeid i samband med KU.

Kongeørna fekk med utbygginga i Midtfjellet jaktområde sitt monaleg redusert. I utgangspunktet var fjellområde på øya i følgje litteraturen akkurat stort nok til å fø eit par. «Storafjellparet», neppe dei same fuglane heile tida, klarte lenge å halde det gåande, men i 2018 vart det for første gong på mange tiår ikkje registrert hekking. Det er uråd å slå nøyaktig fast kva som var årsaka, auka ferdsle kan og spela inn, men det er klart at ei yttarlegare utbygging av vindkraft vil gjera det endå vanskelegare for kongeørna.

Spelande orrfugl er observert i området ved Mosavatnet for nokre år sidan. Orrfuglbestanden kan variere ein del, men det er uansett opplagt at habitatet er slik at orrfuglen trivst der.

Den vanlegaste arten i området er heipiplerke. Elles vart det nemnd i KU til Midtfjellet raudstilk og strandnipe. Rabben meiner me også kan legge til enkeltbekkasin, tårnfalk og dvergfalk.

*Rabben har cand. Mag. biologi mellomfag og geografi mellomfag, lang erfaring med ornitologisk feltarbeid, registreringar, ringmerking og er tidlegare redaktør i «Vår fuglefauna»

Hjort

Hjortebestanden for Stord og Fitjar har som for resten av vestlandet auka monaleg frå byrjinga av 1990 talet og fram til i dag. Frå 50 felte dyr i 1990 og fram til i overkant av 300 felte dyr i 2013.

Dei seinare åra har det vore gjennomført ei mengde prosjekt med merking av hjort som har gjeve mykje kunnskap om hjorten sin områdebruk, men me kan ikkje sei så mykje om bestandens avgrensingar. Om lag halvparten av hjortedyra nyttar store delar av Stordøya som leveområde, og fjellområda på øya har ikkje nokon meir bestands messig betyding enn andre område på øya. Hjorten nyttar ulike områder for ulike årstider, og nokon grupper av hjortedyra er meir trekkdyr enn andre.

Friluftsliv

Fjella på Stord er verdsett høgt som regionalt friluftsområde, dei vert mykje nytta og har stor verdi for innbyggjarane si helse. Fjellområdet ligg sentralt plassert og er lett tilgjengeleg for innbyggjarar og tilreisande. Det er etablert eit godt utbygd stinett med innfallsportar frå alle delar av øya. I eit klima- og folkehelseperspektiv er det viktig å ha relativt urørte naturområde innan kort reiseavstand for innbyggjarane.

Etablering av vindparken i Midtfjellet i Fitjar kommune har gjort dette området meir tilgjengeleg for alle, og opna for nye former for bruk. Fitjar kommune har få andre tilrettelagte turveggar, noko som gjer vindmølleparken til eit mykje nytta turområde. Vindmølleparken er eigna til å fremje fysisk aktivitet i form av turgåing, jogging og sykling, og som innfallsport til friluftsliv i andre delar av fjellet. Den etablerte parken stettar dette behovet, og ny utbygging vil truleg i liten grad føre til auka fysisk aktivitet. Det er og andre etablerte innfallsportar i begge kommunane som til dømes Heio og Lundsseter i Stord kommune og Vistvik og Dalshaugane i Fitjar kommune.

Rapporten til NVE syner til positive helsevinstar i form av auka fysisk aktivitet. Helsevinsten ved friluftsliv kjem ikkje berre av fysisk aktivitet. Like viktig er effekten naturen har på den psykiske helsa. Ei omfattande kartlegging i Stord kommune i 2016-17 viser at naturopplevingar i nærmiljøet er den viktigaste faktoren for trivsel og livskvalitet i alle aldersgrupper. Naturen vert nytta til rekreasjon og kvile frå eit elles stressande miljø:

Nature can help people restore their adaptive resources. Escape from physical and social stressors has long been described as an important motive for recreation in natural areas

Kjelde: Annual review of Public Health, volume 35, 2014, Hartig, pp207-228

Tilgang til urørt natur nær der ein bur er viktig for utjamning av sosiale helseskilnader. Tal låginntektsfamiliar aukar stadig. Låg inntekt gir mindre høve til reise/transport, og kvalitetane i nærmiljøet er difor særleg viktig.

Rapporten legg lite vekt på kvalitetar i friluftslivet og korleis desse kan bli påverka. I kva grad friluftsliv har positive helseeffektar har samanheng med kvaliteten på opplevinga. Både barn og vaksne løftar fram oppleving av stillhet som ein viktig del av naturopplevinga. Ein annan sentral faktor er å oppleve dyre- og fugleliv. Dette er kvalitetar som truleg vert mykje redusert i stor omkrins frå vindmøller. Vindturbinar gjev mekanisk og aerodynamisk støy. Forsking viser at menneskeskapt støy reduserer dyrelivet i området, og samtidig gjer det vanskelegare å oppfatte det dyrelivet som framleis finns. Dette reduserer kvaliteten av friluftslivet. Kjelde: Journal of Environmental Management 2017: Francis, C., Newman, P. et al.: Acoustic environments matter: Synergistic benefits to humans and ecological communities

Den visuelle opplevinga av natur og landskap betyr mykje for trivsel og livskvalitet. Industrialisering og endring av landskapet reduserer den helsefremjande effekten og kan hos nokre føre til redusert helse. Urørt natur kan og ha sterke symbolske verdiar. Fjella har alltid blitt opplevd som noko

uforanderleg og stabilt, eit fast haldepunkt i samfunn som stadig er i endring. Slik styrkar fjella identitet og tilhøyrse. Utbygging av vindmølleindustri endrar landskapet og påverkar den visuelle opplevinga for store område. Ein ser og no spor av ureiningar frå møllene i form av flassing av epoxy maling og oljelekkasjar noko som kan verka inn på både dyre og planteliv og opplevinga for mennesker.

Fastbuande og hyttefolk må reise bort frå Stordøya for å oppleve tilsvarande urørt natur, dersom fjellet vert bygd ut med meir vindkraftindustri.

Det er 1 DNT-hytte i fjellet ved Lundarstølen i dag, og det er planar om å byggje endå ei ved Stovegolvet. I følgje tilbakemeldingar frå Stord-Fitjar Turlag er «Tårnet» ved Stovegolvet eit svært godt vitja turmål. Brukartalet er truleg enno større då fleire ikkje ynskjer skriva seg i turbøkene. Me ser og ein auka bruk frå folk i frå nabokommunane spesielt Sveio, Bømlo, Tysnes, Tysvær, Karmøy og Haugesund. Slik sett vil eit inngrep råka langt fleire enn dei som bur på Stordøya. Tek ein med det visuelle vil enno fleire kommunar merka det. Bruken av fjellet har auka monaleg dei siste åra. Stord-Fitjar Turlag skipar Topp 8 tur, Telltur i saman med kommunane og andre turar. Barnas Turlag har sine turar. Det er merka over 40 ruter etter internasjonal merkestandard og det er bygd Sherpatrappar i Fossabrekko og Steinabrekko. Tårnet på Stovegolvet har vorte ein stad folk vitjar mykje, det same gjeld Tindaslottet i Fitjar. Tiltaka vert nytta av folk i alle aldrar. Det er kome til hytter, hytter er restaurerte, det vert telta og folk fiskar. Hovudaktiviteten er likevel i eigenorganisert regi.

Både Stord og Fitjar har kartlagt den lokale verdien for friluftsliv i kommunane og resultata er lagt inn i www.naturbase.no. Fitjar kommune har lagt vekt på å spesifisera sine kvalitetar i Fitjarfjellet litt meir inngåande enn nabokommunen, medan Stord har teke for seg nærområda der fok bur då fjellområda alt er definert som regionalt viktige. Begge kommunane har konkludert likt med den regionale kartlegginga at området er svært viktig for friluftsliv.

Både Stord og Fitjar er i vekst og auka utbygging i nærområdet vil føra til større trong for inngrepsfritt fjellområde. Dette er ein avgrensa ressurs som ikkje bør gå tapt, noko som og går fram av Hordaland fylkeskommune si fylkesundersøking – urørt natur er viktig.

Landbruk

Det meste av fjellområdet i Stord og Fitjar ligg som sameige mellom gardsbruka i dei respektive kommunane. Bøndene nyttar fjellet som utmarksbeite, i det alt vesentlege for sau.

Sauehaldet på Stordøya er av stort omfang. Sjølv om mange av bruka er relativt små, er dei mange på tal, og sauehaldet er i sum ei svært viktig næring i området. Tilgang til gode og trygge utmarksbeite er ein føresetnad for å oppnå gode resultat i denne greina av jordbruket.

I 2018 er det registrert følgjande beiteslepp i fjellet:

- Stord: 916 sauer og 1284 lam
- Fitjar: 312 sauer, 370 lam og 59 storfe.

Fjellet er også mykje brukt som tuområde, særleg på Stord-sida. Denne bruken har auka vesentleg dei siste åra. Det er viktig at tilgangen til og bruken av fjellet i samband med ei eventuell utbygging ikkje får eit så stort omfang at det skapar konflikhtar mellom husdyrhaldarane og andre brukargrupper.

Omdømme og attraktivitet

Folketalsframskrivingane for kommunane viser lågare vekst enn me kunne leggja til grunn tidlegare. Begge kommunane har i sine planprogram for kommuneplanane lagt vekt på vekstkraft og attraktive lokalsamfunn. For å skapa vekst utover folketalsframskrivingane må me byggja lokalsamfunn som er attraktive nok til at folk vil velje å busetja seg her.

Det er fleire kvalitetar som er sentrale for val av bustadkommune. Trygge og utfordrande arbeidsplassar, gode oppvekstvilkår, rikt lagsliv og kulturtilbod, handels- og tenestetilbod og effektive kommunikasjonar er viktige komponentar. Sentrum og bustadområde som har tett kontakt med sjøen og utmarksterreng er ein kvalitet som skil Stordøy frå større byar. Innspelsrapporten frå nærmiljøprosjektet i Stord kommune visar at nærleik til urørt natur og gode tilhøve for friluftsliv går igjen som den viktigaste faktoren for trivsel for innbyggjarane.

Midtfjellet Vindpark har opna fjellet med nye turveggar for fleire brukargrupper. Dette har styrka tilkomsten til fjellområda på Stordøy. Samstundes kan det argumenterast for at vindparken gjer at ein bør vekta høgare å halda dei større naturområda som er att, frie for inngrep. Slik vil ein ha god tilgang på natur og friluftsliv både for dei som ønskjer inngrepsfri natur og dei som ønskjer å nytta turveggar.

Utbygginga av Midtfjellet Vindpark førte med seg store investeringar og arbeid for lokalt næringsliv i utbyggingsfasen. Vedlikehald av anlegget kjem Fitjarbygda til gode, og kommunen får inntekter frå parken.

Det kan tenkjast at val av bustadkommune i framtida vil avhenga meir av kommunen sitt omdømme, og med auka merksemd mot omlegginga til lågutsleppsamfunnet kan kommunen sitt klimarekneskap påverka omdømet. Vindkraftverket i Midtfjellet leverer i dag fornybar energi på 433 GWh, tilsvarande alle husstandar i Sunnhordland, noko som kan gje ein positiv omdømeeffekt.

Ei vidare utbygging på Grønafjellet i Fitjar, slik Midtfjellet Vindpark AS har sendt inn melding om til NVE, kan produsere ytterlegare 700 GWh, samstundes må dette vegast opp mot tap av naturmangfald, som frå FN sitt naturpanel blir trekt fram som eit stort problem for jorda.

Arealdisponeringa i kommuneplanane skal skilja mellom byggjeområde og inngrepsfrie område. I Stord har E39 lagt ei «markagreense» mellom den tettbygde og den spreidd- og ubygd delen av kommunen. Dette prinsippet blir vanskelegare å halda i hevd når større delar av den delen av kommunen som skal vera inngrepsfri likevel blir utbygd.

Cicero si klimaundersøking frå 2018 dokumenterer bl.a. at:

- Unge mellom 18-29 er mest bekymra for klimaendringer
- Unge mellom 18-29 er mest interessert i å ta eit personleg ansvar for å redusere klimagassutslepp og til å støtte ein politikk som reduserer klimagassutslipp

file:///C:/Users/Olha/Downloads/frokostseminar%20ACT%2010%2001%2019_final.pdf

Vi har sett ungdom demonstrere internasjonalt for klimaansvar «Fridays for future»

<https://www.nrk.no/urix/de-unges-klimaoppgjor-1.14419489>

Morgondagens fornybare arbeidsmarknad: Undersøkingar viser at fornybar energi har aukane interesse som utdanningval for unge.

<https://teknamagasinet.no/medvind-for-fornybare-studier/>

Saman peikar dette på ein tydleg forventning frå ungdom om at vi som samfunn tek større klimaansvar, og at unge ønskjer å bidra. Samfunn og institusjonar som tek tydleg klimaansvar kan styrka sitt omdømme og tillit blant unge. Det vil påverka vår evne til å løysa klimautfordringane også gjennom lokale handlingar, og det kan påverka utdanningar, rekrutteringskraft og bulyst i regionen.

Inntekter til kommunane frå utbygging av vindkraft

Fitjar kommune har årleg om lag 11 millionar kroner i eigedomsskatt frå utbygginga av vindkraft som er gjennomført i Midtfjellet. Dette er regulert i eigen avtale mellom Fitjar kommune og Midtfjellet Vindkraft AS i 2006.

Det er førebels estimert frå Midtfjellet Vindkraft AS at deira omsøkt utbygging i Grønafjellet vil tilføre om lag 9-10 mill kr i nye inntekter i eigedomsskatt til Fitjar kommune. Dersom det vert aktuelt med vidare utbygging må det forhandlast fram ein ny utbyggingsavtale med økonomisk kompensasjon til lokalsamfunnet for dette området.

Å avstå frå ei vidare utbygging av vindkraft på Stordøya vil svekka vertskommunane sitt inntekspotensiale, og slik bør utbyggingsspørsmålet også vurderast i høve til omfang på kommunale tenestetilbod i framtida.

Landssammenslutningen for vindkraftkommuner (LNVK) der Fitjar er medlem, og pr no har styreleiaren, arbeider med skattleggingssystemet nasjonalt for vindkraft. Det vert arbeidd for innføring av naturressursskatt på all kraftproduksjon, også vindkraft, slik at skatten blir teknologinøytral.

Det er eit sentralt samfunnsmessig prinsipp at næringar som utnyttar verdifulle lokale naturressurser bør betale deler av sine skatter til dei lokalsamfunna som avstår sine naturressursar. Naturen som vert nytta til energiproduksjon har ein eigenverdi, i tillegg til at det vert store naturinngrep som lokalbefolkninga må leva med lenge. Dette må kompensast også for vindkraft. Vertskommunane må også få ein rettvís del av verdiskapinga frå vindkrafta.

Vannkraftprodusenter betalar i dag 1,3 øre/kWh i naturressursskatt til lokale og regionale myndigheter. Kraftselskapa kan skrive av denne skatten fra overskuddsskatten, slik at det ikke gir noen ekstra skattebelastning for kraftprodusentane. Naturressursskatt er ei vridning fra statlig til kommunal beskatning. (Kjelde: LNVK)

August 2019

Fitjar kommune
Olaug Haugen

Stord kommune
Lovise Vestbøstad